

Kontrakt for service og reparasjon av bil

Viktig: Les dette om kontrakten

Du kan fritt velje den verkstaden du vil, forutsett at det er ein offentleg godkjent verkstad. Det er ikkje lovleg for bilprodusent/- importør å krevje at service blir utført av ein merkeverkstad for at garantien på bilen skal gjelde. Dei fleste garantiar føreset likevel at reparasjon og service er i samsvar med kravet til bilprodusentane/-importøren. Det er derfor viktig at det kan dokumenterast at krava er følgde, sjå punkt «dokumentasjon på utført arbeid» i kontrakten.

Kontrakten kan fyllast ut elektronisk eller skrivast ut og fyllast ut på papir. Forbrukarrådet tilrår at kontrakten blir fylt ut elektronisk av partane i fellesskap. Forbrukarrådet oppmodar begge partane til å lese gjennom heile avtalen før avtalen blir underskriven. Forbrukarrådet tek ikkje ansvar for eventuelle feil ved utfyllinga av kontrakten.

Kontrakten må skrivast ut i minst to eksemplar og underskrivast av begge partar. Vi tilrår også å underskrive kvar side med initialar.

Forbrukarrådet sine kontraktar blir oppdaterte løpande. Siste dato for oppdatering går fram av den einskilde kontrakten. Reglar og praksis på området kan endrast, og det kan vere periodar der innhaldet i kontraktane og tilhøyrande rettleiingar ikkje er oppdaterte. Forbrukarrådet fråskriv seg einkvar mogeleg ansvar for feil, utelatingar eller mangelfulle oppdateringar. Ta kontakt med Forbrukarrådet på telefonnummer 23 400 500 dersom du har spørsmål til kontrakten.

1. Partane i avtalen

Forbrukar

Namn:

.....

Adresse:

.....

Postnr/stad:

.....

E-post:

.....

Tlf.nr.:

.....

Tenesteytar

Namn:

.....

Adresse:

.....

Postnr/stad:

.....

E-post:

.....

Tlf.nr.:

.....

Org.nr.:

.....

2. Bilen det skal gjerast arbeid på

Merke:

Årsmodell:

.....

.....

Reg.nr.:

Km-stand:

.....

.....

3. Oppdragsskildring

Service/vedlikehald



Service/vedlikehald skal skje i samsvar med nyaste service-/vedlikehaldsprogram frå bilprodusenten/- importøren for bilmodellen. Tenesteytar skal ha tilgjengeleg og bruke nødvendig spesialverktøy og måleinstrument for å utføre service-/vedlikehaldsprogrammet. Tilsvarande gjeld ved tilleggsarbeid, sjå punkt 3 i Alminnelege føresegner.

Reparasjon

Verkstaden skal utføre følgjande arbeid (legg ved evt. meir utfyllande skildring):



Reservedelar som blir nytta ved utføringa av arbeidet, skal anten vere
(a) originaldelar, eller
(b) av tilsvarande kvalitet som originaldeler.

Med originaldelar meiner ein anten (i) delar som blir selde under varemerkenamnet til bilprodusenten og som er produsert av bilprodusenten sjølv eller av delprodusentar etter spesifikasjonane og standardane til bilprodusenten, eller (ii) delar som blir selde under varemerkenamnet til delprodusenten, og som er produsert av delprodusenten etter spesifikasjonane og standardane til bilprodusenten.

Tilsvarande skal gjelde ved tilleggsarbeid, sjå punkt 3 i Alminnelege føresegner.

Vil tenesteytar oppdatere programvare for elektronikk, styreeiningar o.l.:

Ja Nei

4. Dokumentasjon på utført arbeid



Ved overlevering av bilen til forbrukar skal tenesteytar levere dokumentasjon på kva slags arbeid som er utført på bilen. Dersom service/vedlikehald er utført, skal tenesteytar stadfeste i serviceheftet til bilen at bilprodusenten sitt service-/vedlikehaldsprogram er følgt, og at periodisk vedlikehald er gjennomført.

5. Pris på tenesta



Alle prisar er inkluderte meirverdiavgift. Vel ved å fylle ut **eitt** av tre alternativ:

1. Fast pris på heile oppdraget (inkludert arbeid og materialar), kr:

.....

2. Prisoverslag (kan ikkje overskridast med meir enn 15 %), kr:

.....

3. Annan avtale for pris på tenesta, spesifiser:

.....

6. Oppgjær

Betaling ved ferdiggjering mot spesifisert faktura

Annan betalingsmåte

Dersom annan betalingsmåte, spesifiser:

.....

7. Tidsfristar

Innlevering

Forbrukar skal levere inn bilen seinast, dato: Kl.:

.....



Bilen må reknast å vere innlevert, dersom ikkje noko anna er avtalt, når forbrukaren leverer nyklane til tenesteytar sin representant.

Ferdigstilling

Tenesteytar forpliktar seg til å ferdigstille avtalt arbeid og ha bilen klar for henting av forbrukar innan dato: Kl.:

.....

.....

Tilbyr tenesteytar gratis lånebil dersom bilen ikkje er klar for henting på hentetidspunkt:

Ja Nei



Sjølv om tenesteytar ikkje tilbyr lånebil, kan forbrukar ha krav på erstatning for økonomisk tap som følgje av ei forseinking, sjå Alminnelige føresegner pkt. 5.

Henting

Vert ikkje bilen henta innan 2 vrykedagar etter avtalt tid for ferdiggjering av arbeidet, har tenesteytar rett til å krevje plassleige.

Ei eventuell plassleige er avtalt til pr døgn, kr:

.....

9. Underskrifter

Stad:

Dato:

.....
Kjøpar si underskrift:

.....
Tenesteytar si underskrift:

Alminnelege føresegner



Alminnelege føresegner for service/vedlikehald og/eller reparasjon

Dei alminnelege føresegnene som er framstilte her, er ei delvis utfylling og ei delvis presisering av det som følgjer av handverkartenestelova. Reglane i handverkartenestelova kan ikkje fråvikast til ugunst for forbrukar, hvtjl. § 3

1. FAGKUNNE OG OMFANG

Tenesteytar skal vere ein offentleg godkjent verkstad. Tenesteytaren skal utføre tenesta fagmessig og etter gjeldande tryggingsskrav. Tenesteytaren skal varetake forbrukaren sine interesser med tilbørleg omsorg. Tenesta omfattar levering av materialar, når ikkje anna er avtalt.

Tenesteytar skal orientere forbrukaren dersom det før eller i samband med arbeidet, kjem fram forhold som gir grunn til å tru at prisen på arbeidet vil stå i misforhold til bilen sin verdi etter at arbeidet er utført.

2. TILLEGGSARBEID

Viser det seg ved utføringa av arbeidet at det er behov for arbeid utanfor oppdraget som det er praktisk å gjere som tilleggsarbeid, skal tenesteytaren kontakte forbrukaren. Mottek tenesteytaren ikkje melding frå forbrukaren innan rimeleg tid, kan tenesteytar likevel utføre arbeidet dersom han må antake at forbrukaren vil ha arbeidet utført og prisen for tilleggsarbeidet er liten eller låg i forhold til prisen for den avtalte tenesta. Pristillegget må ikkje i noko tilfelle overstige prisen for det avtalte arbeidet med meir enn 15 %.

Tenesteytar pliktar i rimeleg utstrekning å utføre tilleggsarbeid som ikkje kan utsetjast utan fare for vesentleg skade for forbrukaren.

3. VEDERLAG

I den graden prisen ikkje følgjer av avtalen, skal forbrukaren betale gjengs pris.

4. FORSEINKING

Dersom arbeidet ikkje er ferdigstilt innan dei fristane som er avtalt, eller innan rimeleg tid, og dette ikkje skuldast forhold på forbrukaren si side, kan forbrukaren fremje krav i samsvar med punkt 5.

5. KRAV VED FORSEINKING

Ved forseinking kan forbrukaren:

- halde tilbake betaling, hvtjl § 13
- krevje oppdraget utført dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe for tenesteytar.
- heve avtalen dersom forseinkinga er av vesentleg tyding for forbrukaren, hvtjl § § 14 og 15
- krevje erstatning for økonomisk tap som følgje av forseinkinga, hvtjl. § 28

6. MANGLAR

Manglar ligg føre dersom tenesta ikkje fører til det resultatet som er avtalt eller forbrukaren kan krevje etter hvtjl. §§ 5, 6 og 9.

7. KRAV VED MANGLAR

Ved manglar kan forbrukaren:

- halde tilbake så mykje av betalinga at det sikrar forbrukaren sitt krav som følgje av mangelen, hvtjl. § 23
- krevje mangelen retta når det kan skje utan urimeleg kostnad/ulempe for tenesteytar, hvtjl. § 24
- krevje prisavslag, hvtjl. § 25
- heve avtalen dersom formålet med tenesta blir vesentleg mislukka som følgje av mangelen, hvtjl. § 26
- krevje erstatning for økonomisk tap som følgje av mangelen, hvtjl. § 28..

8. TENESTEYTAR SI RETTING

Forbrukaren kan krevje at tenesteytaren rettar mangel ved tenesta når det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe for tenesteytaren. Sjølv om forbrukaren ikkje krev det, kan tenesteytaren rette mangel når det kan skje utan vesentleg ulempe for forbrukaren, og forbrukaren heller ikkje elles har særleg grunn til å motsetje seg arbeidet. Retting skjer for tenesteytaren si rekning, og innan rimeleg tid etter at forbrukaren har klaga over mangelen og gitt tenesteytaren høve for å rette.

9. REKLAMASJON FOR MANGLAR

Forbrukaren skal underrette tenesteytaren innan rimeleg tid etter at manglane blei oppdaga eller burde blitt oppdaga. Lengste fristen for reklamasjon er 2 år etter at arbeidet er avslutta og 5 år dersom resultatet av arbeidet er meint å vare vesentleg lenger enn 2 år.

10. FORBRUKAREN SITT MISLEGHALD

Ved seinka betaling eller manglande medverknad frå forbrukaren som ikkje skuldast forhold på tenesteytaren si side, kan tenesteytaren:

- dersom forseinkinga ikkje skuldast ei uventa hindring utanfor forbrukaren sin kontroll, stanse arbeidet og krevje kostnader eller anna tap som følgje av stansinga erstatta.
- heve avtalen for den delen av oppdraget som står igjen hvtjl. §§ 43 og 44

Dersom bilen er hos tenesteytar, kan tenesteytar halde tilbake bilen inntil forbrukaren betaler eller stiller forsvarleg tryggleik for kravet, hvtjl. § 46. Tenesteytar skal ha tilbørleg omsorg for bilen. Dersom det er meir enn tre månader sidan arbeidet blei gjort, kravet forfalt og oppfordring om å løyse ut bilen blei gitt, kan tenesteytar selje bilen og ta betalinga si av salssummen, hvtjl. § 47.

11. FORBRUKAREN SIN RETT TIL AVBESTILLING

Forbrukaren har rett til å avbestille ei teneste heilt eller delvis før oppdraget er avslutta mot å betale vederlag for den delen av tenesta som er utført. Forbrukaren kan bli erstatningspliktig dersom avbestillinga medfører anna økonomisk tap, hvtjl. §§ 39 og 40.